



Notat

Dato: 04.01.2016
Arkivsak: 2014/16981-15
Saksbehandlar: gunradd

Til:	Liv Sundheim
Frå:	Gunhild Raddum

Ber om innspel kommunedelplan Sysendalen

private vegar og skiløyper. I Sti- og løypeplanen er hovudmålet at Eidfjord kommune skal legge til rette for eit sti- og løypenett i Sysendalen, til beste for fastbuande, hyttefolk og tilreisande på eit berekraftig grunnlag.

Etter handbok N100 bør det byggast gang- og sykkelveg når ÅDT overstig 1000 og potensialet for gåande overstig 50 i døgnet. Det er ikkje undersøkt potensiale for gåande i området, men etter fullutbygging er det ikkje usannsynleg at dette i periodar kan ligge høgt. Dersom det er vanskeleg å få til eigen gang- og sykkelveg, er det i N100 opna for gangareal kan løysast ved at skuldra utvidast til 1,5 m på begge sider.

Fartsnivået på strekninga forbi avkøyrsla til Fet kan verke sterkt medverkande til at strekninga vert vurdert med liten ulukkesrisiko. Eksisterande aktivitet ved Garen, og tilførsle av ny aktivitet på Fet, gjer at vi vil tilrå gang- og sykkelveg, evt. utvida skulder, langs riksvegen i nærområdet.

AVBØTANDE TILTAK FORVENTA EFFEKT

Det bør byggjast gang- og sykkelveg, evt. utvida skulder, langs

SSaamlala v vuurdredreingin agy osgam efvuenntsuinettleree sasletenren tallstievie r at anlegget vil vera positivt for utviklinga for Eidfjord kommune i høve arbeidsplassar og ringverknadar av desse. Anlegget vil gje auke i transportbehov og energiforbruk i høve 0-alternativet. Satsing

på godt kollektivtilbod og tilrettelegging for elbilar kan dempe ulempene som følgje av auka transport. Innarbeiding av krav om energieffektive løysingar i reguleringsplan kan redusere energibehovet. Drift av anlegget kan verte utfordrande på grunn av forventet auke i temperatur på grunn av klimaendringar.

A. Alpinanlegg Masterplanen viser til eit potensiale ved full utbygging på ca 1800 sengeplassar og ca 120 hytter. Trafikk til

anlegget som følgje av overnattingsgjestar, bruk av hytter og dags-turistar gjere at anlegget er forventet å gje ei auke i ÅDT med 875. Dette vil auke utslepp knytt til transport. Reduksjon av utslepp frå transport kan gjerast ved å legge til rette for el-bilar ved ladestasjonar i landsbyområdet. Det bør og vurderast tilrettelegging av kollektivtilbod.

Utbygginga vil og krevje utbygging av nytt VA-anlegg, noko som kan føre fare for utslepp. Utslepp frå avlaupsanlegg kan føre til eutrofiering av vassdrag og endring av artar i området, dersom området vert tilført mykje næringsstoff. Det må derfor vektleggjast å finne miljøvennlege løysingar for avløpsanlegg, som har låg risiko for utslepp.

AVBØTANDE TILTAK FORVENTA EFFEKT

Innarbeide krav om tilrettelegging for ladestasjon for EL-bilar i detaljreguleringsplan.

Svært stor effekt

Vurdere tilrettelegging av kollektivtilbod i sesongane. Svært stor effekt

Innarbeide krav om miljøvennleg løysingar for avløpsanlegg, som har låg risiko for utslepp